

ÅRSRAPPORT 2022

— Mangfold, motivasjon og meistring —





STYRET SI SAMANSETTING

Styret har 7 medlem og
3 varamedlem:

Elsbeth Sande Tronstad, Styreleiar
Børre Jacobsen, Nestleiar
Bjørn Lied Tønnesen, Styremedlem
Aud Viken, Styremedlem
May Aasebø Hauken, Styremedlem
Katrine Hjertholm, Styremedlem
(repr. for tilsette)
Karine Rønneseth, Styremedlem
(repr. for tilsette)

Vara:
• Jofred Åsnes
• Jøril Hovland
• Øyvind Lindelid

BRUKARUTVALET

Røde Kors Haugland Rehabiliterings-
senter har eit brukarutval som skal
sikre brukaren si stemme og hjelpe
institusjonen med å ha god kvalitet i
tilbodet. Brukarutvalet er oppnemnt
av leiinga ved institusjonen, med bis-
tand frå FFO, og representerer ulike
brukargrupper ved senteret. Utvalet
er sett saman av fire medlemmer,
rekruttert frå brukarorganisasjonane.

Medlem:
Gerd Torkildson, Blodkreftforeningen,
Sogn og Fjordane
Øystein Ryningen, Norsk Revmatiker-
forbund Sogn og Fjordane
Kari Ann Holme, MS Forbundet Sogn
og Fjordane
Synnøve Solhaug Engen,
Hørselshemmedes Landsforbund
Vestland

Varamedlemmar:
Hjørdis Åsnes, Norsk Revmatiker-
forbund Sogn og Fjordane
Stein Magne Aksnes, Kreftforeningen,
Hordaland
Thorbjørg Aasen, LHL Sogn og
Fjordane (LHL Askvoll)

INNHALD

Helsing frå styreleiar..... 3

Helsing frå direktør..... 4

Kan ein spele seg tilbake til arbeidslivet? 6

Raskare tilbake til arbeid med nytt kartleggingsverktøy? 9

Satsing på fjordaktivitet 10

Støtte til klatretilbod for lokale barn og unge 11

Utdanningsinstitusjon 12

Nettverksarbeid 12

Kompetanseutvikling..... 13

Driftsavtalar..... 13

Diagnosefordeling..... 14

Subjektiv vurdering av endring 14

Pasientsamansetting..... 15

Livskvalitet..... 16

Endring i psykisk helse 17

Brukarundersøking 18

Årsmelding 21

Noter 26

Melding frå uavhengig revisor..... 31

HELISING FRÅ STYRELEIAR



Styreleiar: Elsbeth Sande Tronstad

Ingen år er like.

Pandemien er over, men noe av den henger igjen. Fremdeles ser vi at folk blir korona-syke. Det gjelder også de ansatte og pasientene ved Hauglandsenteret. Ikke mange og egentlig ikke noe å bekymre seg over, men det forstyrrer rutiner som må endres på kort varsel.

Senteret hadde i 2022 totalt 22532 oppholdsdøgn fordelt på 1180 opphold. Den gjennomsnittlige oppholdstiden var på 20 dager. Samtlige pasienter var vurdert til å ha rett til nødvendig/prioritert helsehjelp.

Etter hvert besøk gjennomføres det en brukerevaluering. Vi har store ambisjoner i forhold til at pasientene skal merke fremgang etter et opphold på Senteret. Resultatet fra brukerevalueringen i 2022 viser fremgang på de aller fleste spørsmålene. Pasientene er i stor grad fornøyde med tilbudet de får. Spesielt hyggelig er det at de gir uttrykk for at de er veldig godt fornøyde med personalet. Og de er godt fornøyde med fasiliteten vi har. Fremdeles er der områder som kan forbedres, og det er saker vi tar tak i.

Vi ønsker hele tiden å bli bedre. Vi jobber derfor kontinuerlig med kompetanseutvikling. Vi har som mål å levere samfunnsnyttige, kunnskapsbaserte rehabiliteringstjenester av høy faglig standard og være en organisasjon som har fokus på læring og kontinuerlig forbedring, både på individ og systemnivå. Satsingsområdene i 2022 har vært Helsesportsaktiviteter, kognitiv terapi, barn og unge og kompetanseheving innenfor noen utvalgte fagområder.

Det er spesielt to andre saker som har vært diskutert mye i styret, skattesaken og anbudskonkurransen om å få levere spesialiserte rehabiliteringstjenester til Helse Vest. Når det gjelder skattesaken så tapte vi i både Tingretten og Lagmannsretten. Vi forsøkte å få saken opp for Høyesterett, men dessverre slapp ikke saken inn.

Vi leverte inn vårt tilbud til ny avtale med Helse Vest i en anbudskonkurranse i mai. Konkurransen ble avlyst i desember og dagens avtale ble forlenget ut 2023. Nytt anbud ble lyst ut i mars, og vi leverte vårt tilbud 3.mai. Vi venter nå i spenning på resultatet av anbudskonkurransen.

Elsbeth Tronstad, Styreleiar

HELSING FRÅ DIREKTØR

30 ÅR MED KUNNSKAPSBASERT REHABILITERING

19. november feira institusjonen at vi har drevet med rehabilitering i 30 år. Det har vore ei rivande utvikling frå dei fyrste bygga stod klar og den fyrste pasienten fekk eit opphald på senteret. Frå ein oppstart med trong økonomi, utfordringar med å rekruttere rett fagstab og ikkje minst få pasientar, er vi no ein av dei fremste institusjonane i landet innanfor kunnskapsbasert rehabilitering. Ei slik utvikling kjem ikkje av seg sjølv og det krev stort mot, entusiasme og stå på vilje for å kunne lukkast. På Haugland har vi vore heldige og hatt nettopp slike personar som viktige støttespelarar og pådrivarar. Personar med store visjonar og fagleg kompetanse som har gjort at ein har våga å satse litt ekstra for alltid å vere i fremste rekke på kvalitet og faglegheit.

Endringa innan organisering av helsetenestene tidleg på 2000 -talet gjorde til at institusjonen vart ein del av spesialisthelsetenesta med dei krav som då vert stilt til kompetanse og spesialisering. I dag har senteret ein breitt samansett tverrfagleg stab og kring 100 tilsette har Haugland som sin daglege arbeidsstad. Vel 1200 pasientar frå heile Vestlandet får spesialisert rehabilitering ved institusjonen kvart år. Mange av pasientane som kjem til oss, må grunna sjukdom eller plager, gjere endringar i eige liv, lære seg nye verktøy og få kunnskap som set dei i stand til sjølv å ta ansvar for eigen rehabiliteringsprosess. Skal ein få til dette er vår erfaring at ein må klare å ha rett fokus, ein må ha tid til å skape endring og bli trygg på at dette er noko ein kan følgje opp sjølv.

Nettopp det at rehabilitering er ein prosess som tek tid, er noko vi også får støtte for i forskinga. At helsemyndighetene har stort fokus på å korte ned liggetid og tilby



Administrerende direktør: Inger Johanne Osland

meir behandling poliklinisk eller som dagtilbod, er forståeleg i ei tid der ressursane er knappe. Det er derimot viktig å skaffe meir kunnskap om kva som skal til for at pasienten får nytte av rehabiliteringa. Få kunnskap om kva pasientar som har behov for eit omfattande døgntilbod og kven som kan ha god nytte av eit dagtilbod. Med blikket retta mot framtida, er det klart at digitale løysingar vil ha ei sentral rolle i utviklinga av helsetenestene. Det gjeld også innan rehabilitering. Vi er stolte av å vere med på denne utviklinga, både når det gjeld VR-trening som behandling, utvikling av system for kommunikasjon i forkant av behandling og digitale løysingar for oppfølging over tid. På den måten vil vi klare å «sprengje opphaldet» og bidra til at effekten/nytta av rehabiliteringa kan bli meir langvarig.

For å kunne fortsette med å levere spesialiserte rehabiliteringstenester i framtida, er vi avhengig av å få på plass ein ny avtale med Helse Vest. Vi er positive og har stor tru på at den kunnskapen og kompetansen vi har bygd opp over 30 år gjer oss til ein viktig samarbeidspart for å kunne ivareta den rehabiliteringa pasientane i Helse Vest har behov for.

Inger Johanne Osland, Administrerende direktør





KAN EIN SPELE SEG TILBAKE TIL ARBEIDSLIVET?

Kan pasientar få større nytte av rehabilitering med VR-trening? Det forskar Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter og samarbeidspartnarar på.

Behandlinga var tøff. Fem gongar på to år vart Lisbeth Bygstad Celik operert for brystkreft. I tillegg kom cellegift og stråling.

Hausten 2022 er ho ferdig med tre veker på Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter i Fjaler kommune. Her har Celik delteke på arbeidsretta rehabilitering. Medan ho jobba mot målet sitt om å utfordre seg sjølv i trygge omgivnader, bidrog ho til eit forskingsprosjekt om bruk av virtuell verkelegheit (VR) i rehabilitering.

Tyngre å jobbe og trene

Før sjukdommen levde Celik eit aktivt liv med offentlig leiarjobb og jamnleg trening.

– Eg er vant med å ha mange ballar i lufta på jobb. Eg var spent på om behandlinga hadde påverka evna mi til å konsentrere meg, fortel ho. Etter kreftbehandlinga vart det krevjande å jobbe og trene som før. Dørstokkmila var blitt veldig lang, og det var tungt fysisk. På Haugland samarbeidde ho med dei tilsette for å handtere frykta for smerter og finne ut korleis ho kunne utfordre seg sjølv i aktivitet. Ho jobba med å styrke seg fysisk og mentalt.

Då ho fekk tilbod om å delta i forskingsprosjektet om VR i arbeidsretta rehabilitering, heiv ho seg med. Tre gongar i veka troppa ho opp på treningsrommet, der ho trente med VR i 20 minutt om gongen.

Trente på å mestre og feile

Når ein tek på seg VR-brillene trer ein inn i ei virtuell verd. Her kan ein til dømes utforske nye omgivnader eller spele spel. På Haugland konsentrerte Celik seg om spelet Beat Saber, der du skal treffe objekt som kjem mot deg i takt med musikken. Det krev fullt fokus.

– Første gongen eg prøvde gjekk det ikkje særleg bra. Eg kjende motivasjonen sokk då eg skåra «under normal». Eg vart også veldig sliten i hovudet av å spele, fortel ho. Etterkvart gjekk det betre. Utover i opphaldet steig skåren og ho kom stadig lenger i spelet.

– Det var veldig gøy. Eg meistra noko eg først ikkje fekk til. Eg begynte å konkurrere med dei andre deltakarane. Vi samanlikna resultat og delte tips for å kome vidare i spelet. Eg trente merksemd og fokus, og øvde på å komme inn igjen i rytmen når eg gjorde feil, fortel Celik.

«Eg meistra noko eg først ikkje fekk til»

Lisbeth Bygstad Celik, deltakar i forskingsprosjekt

Leitar etter effekt

– Vi driv kunnskapsbasert rehabilitering. Å forske på bruk av VR i rehabilitering er ein del av jobben vi gjer for å vere fremst i feltet, fortel forskingsleiar Tarja Kvalheim. Forsking viser at betra merksemd gir mindre helseplagar, medan forverra merksemd gir meir helseplagar. Arbeidsretta rehabilitering betrar merksemda, noko som heng saman med retur til jobb. Ved hjelp av VR kan ein kan trene opp merksemd og hukommelse. VR kan også redusere symptom på angst, depresjon, trøytteleik og smerte.

– Dermed er det nyttig å teste VR som eit supplement til det vi allereie gjer i arbeidsretta-rehabilitering. I tillegg antar vi at VR kan styrke tiltak som eksponering og arbeidstrening, og stimulere til aktivitet trass i helseplagar. Og dette kan på sikt auke sjansane for at ein kan jobbe, fortel Kvalheim.



Lisbeth Bygstad Celik har gjennomført arbeidsretta rehabilitering ved Haugland Rehabiliteringssenter. Der var ho med i eit forskingsprosjekt om VR. Foto: Tora Hope



Forskingsteamet i VR-prosjektet ved Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter. Forskar Randi Jepsen, fysioterapeut Andreas Helle Takle og forskingsleiar Tarja Kvalheim. Foto: Ingeborg Sol Fure.

«Å forske på bruk av VR i rehabilitering er ein del av jobben vi gjer for å vere fremst i feltet.»

Tarja Kvalheim, Forskingsleiar

Følger deltakarane nøye

Ved Haugland Rehabiliteringssenter nærmar forskingsteamet seg no slutten på datainnsamlinga. I eitt år har teamet testa pasientgrupper grundig. Eit arbeidsretta rehabiliteringsopphald ved senteret varer i tre veker, der deltakarar i forskingsprosjektet har teke kognitive testar ved ankomst og avreise. Teamet registrerer også poengsum frå VR-treninga i løpet av opphaldet. Resultata vert samanlikna med ei kontrollgruppe som gjennomfører ordinær arbeidsretta rehabilitering, utan VR-trening.

– No gjenstår det for oss å kontakte nokre av deltakarane, og intervju dei om erfaringane med VR under og eventuelt etter opphaldet. Dette er siste del av datainnsamlinga, fortel forskar Randi Jepsen. I tillegg har tilsette ved senteret blitt intervju om sine erfaringar med VR.

Spente på resultata

Dei endelege svara på kva effekt VR-trening faktisk har for rehabilitering, får vi først når alle samarbeidspartnarane er ferdig med datainnsamling og analyse i 2023.

- Vi kan ikkje seie sikkert kva effekt VR-trening har endå. Men vi ser at deltakarane opplever meistringsglede og blir motivert av den synlege framgangen i spelet, fortel fysioterapeut Andreas Helle Takle. Sjølv om datainnsamlinga no vert avslutta, vil pasientar som kjem til Haugland framleis kunne prøve seg i VR-universet.

- Vi vil halde fram med å bruke VR som et verktøy, fordi vi ser at det har et stort potensial i mange ulike behandlingssituasjonar, fortel fysioterapeuten.

Trene på dagleglivet

Då Lisbeth Bygstad Celik reiste frå senteret var det med positive VR-erfaringar i bagasjen.

- Å spele VR er ein måte å erfare at ein kan handtere mange inntrykk frå høgre og venstre, ikkje heilt ulikt kvardagen i ein hektisk jobb, seier ho.

FAKTA OM VR-PROSJEKTET:

- Leia av Nasjonal kompetanseteneste for arbeidsretta rehabilitering, og utført i samarbeid med Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter, Rehabiliteringssenteret AiR, Betanien Malvik og Muritunet rehabilitering.
- Hovudmålet er å undersøke om VR-trening i løpet av arbeidsretta rehabilitering (ARR) gir større endring i merksemd og hukommelse enn vanlig ARR.
- Andre spørsmål er om VR-trening gir positive endringar i arbeidsevne, og forventning om retur til arbeid, og om det kan påvirke angst og depresjon.
- I prosjektet vert erfaringar med å ta i bruk VR i rehabiliteringstilbodet kartlagt blant klinikarar.
- I tillegg undersøker vi nytteverdien slik pasientane opplever den.

RASKARE TILBAKE TIL ARBEID MED NYTT KARTLEGGINGSVERKTØY?

Senteret har sidan 2007 hatt eit spesifikt tilbod om arbeidsretta rehabilitering der målet er å auke deltaking i arbeidsliv eller utdanning. Kvar år får kring 200 pasientar tilbod om å delta på eit tre-vekers døgntilbod.

Både pasientane og tilbodet har endra seg mykje dei siste åra. Pasientane vert stadig yngre og problemstillingane meir samansette. Barrierane for arbeidsdeltaking kan være både somatiske, psykologiske eller knytt til arbeidssituasjon eller livsbelastningar. Som regel er dei samansette og krev heilskapleg multifaktorell kartlegging og tverrfagleg intervensjon.

Vårt tilbod inkluderer ulike pedagogiske tilnærmingar, variert fysisk aktivitet, likepersonshjelp og samhandling med lokalt støtteapparat.

Målgruppa for arbeidsretta rehabilitering er ungdom og vaksne som har falt ut av- eller står i fare for å falle ut av arbeidsdeltaking eller utdanningsløp. Tilbodet er diagnoseuavhengig, og Hauglandssenteret tek imot pasientar med ulike problemstillingar der fellesnemnaren er sjukmelding eller fare for sjukmelding.

I 2022 tok vi i bruk eit nytt kartleggingsverktøy kalla ISIVET. Verktøyet er først og fremst klinisk retta og brukast

i dialog med pasientane for å avdekke både barrierar og ressursar, samt bidreg til godt målsettings- og planarbeid. I motsetning til tradisjonelle spørreskjema, som kan være vanskeleg for pasientane å relatere til, vert ISIVET framstilt på ein visuell måte som synleggjer endring på ein enkel måte. Kliniske studiar har vist at bruk av dette verktøyet aukar sjansane for retur til arbeid.

For tverrfagleg team bidreg verktøyet til å få oversikt over totalsituasjon og følgeleg velgje målretta tiltak i samråd med pasienten. Det dannar grunnlaget for kartleggingssamtalar og målsettingsarbeid ved oppstart, samt synleggjer endringar etter enda opphald. Verktøyet skal takast i bruk til oppfølging i etterkant av opphaldet, med mål om å bidra til at fleire kjem seg raskare tilbake til arbeid heilt eller delvis. Med sikre digitale løysingar får pasientane støtte i prosessen og innspel til justering av sin eigen rehabiliteringsplan også etter fullført rehabiliteringsopphald.

FAKTA OM ARBEIDSRETTA REHABILITERING

- Eit tilbod til pasientar som er sjukmeldt, står i fare for å bli sjukmeldt eller på ulike måtar har hamna utanfor arbeidslivet.
- Målet er å styrke deltakaren si moglegheit til å jobbe.
- Handlar om å finne løysingar på samansette problem. Til dømes utmatting, diffuse plager som muskel- og skjelettsmerter, og lettare mentale plager, som nedstemthet eller angst.
- I ARR ser vi heile mennesket – kropp, sinn og alle faktorar som påverkar den enkelte.



SATSING PÅ FJORDAKTIVITET

Senteret vårt ligg med nærheit til fjorden, og vi har over fleire år hatt stor satsing på aktivitet på sjø for våre pasientar. Institusjonen har både investert i aktivitetsutstyr og på kompetanseheving for tilsette som skal drive aktivitetane på fjorden. Vi har gradvis fornya utstyrs-parken vår både i høve kano og kajakk, inkludert tilhøyrande hjelpemiddel. Det er investert i ulike typar og størrelsar, slik at dei fleste pasientane kan delta i aktivitetane om dei ynskjer dette.

Ein stor del av dei tilsette på helseavdelinga har fått auka si kompetanse med gjennomført grunnkurs/våttkort, samt at fleire har teke teknikk-kurs og aktivitetsleiarkurs. Sju tilsette på teknikk-kurs for kajakk i sommar, i flotte Solund, saman med instruktør Eivind Aadland frå Norges Padleforbund. Dette kurset bygg vidare på grunnkurset

i kajakk, der fokus er utvida padleteknikk, sikkerheit og trygghet til å ferdes på fjorden i ulike typar vêrforhold.

Kajakkpadling og anna fjordaktivitet er noko vi tilbyr til pasientane våre, og dette kurset skal sikre at alle skal kunne få oppleve meistring og ha ei sikker og trygg oppleving på fjorden. Kajakk og kano på fjorden er ein av mange meistingsopplevingar pasientane kan oppleve under rehabiliteringsopphaldet, og fleire kan og drive med slik aktivitet når dei kjem heim.

Neste kurs i rekka etter gjennomført teknikk kurs, er aktivitetsleiarkurs. Etter enda aktivitetsleiarkurs kan utøveren planlegge og gjennomføre introduksjons- og grunnkurs. Vi kjem til å fortsette med å auke kompetansen vår innan dette feltet i året som kjem.



STØTTE TIL KLATRETLBOD FOR LOKALE BARN OG UNGE

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter har god erfaring med å tilrettelegge klatring for våre pasientar. Saman med dei lokale idrettslaga Svint IL og Dale II startar vi opp eit tilbod for lokale barn og unge.

- Vi har sett at klatring er ein svært god arena for meistring. Difor hadde vi eit ønske om å opne opp for fleire, og gje barn og unge i lokalmiljøet vårt eit tilbod om klatring på fritida, seier kontorleiar ved senteret, Ragnhild Follevåg.

For å få dette til, søkte senteret saman med dei lokale idrettslaga Svint IL og Dale II om støtte frå Gjensidigestiftelsen til å utvikle tilbodet. Gleda var stor når svaret kom, der Gjensidigestiftelsen gjekk inn med 160.000 kroner i støtte til prosjektet.

- Dette gjer det mogleg for oss å kjøpe inn klatreutstyr, kurse instruktørar og dekke leige av lokale. Med denne støtta vil vi kunne starte opp tilbodet til svært låge kostnader for deltakarane, seier Follevåg.

- Barn og unge har eit variert fritidstilbod i lokalmiljøet, men likevel har vi sett at nokon fell utanfor av ulike grunnar. Klatretilbodet på Haugland skal vere for alle, men vi håpar i særleg grad at vi skal få med dei som ikkje deltek i anna aktivitet på fritida, seier Follevåg.

Tilbodet skal etter planen starte opp i mars 2023, der det vil vere opent for klatring på fritida ein gong i veka.

UTDANNINGSINSTITUSJON

TURNUSKANDIDATAR:

15.02.22-15.08.22 1 turnus fysioterapeut (Høgskulen Vestlandet, Bergen)

15.08.22-15.02.23 1 turnus fysioterapeut (Høgskulen Vestlandet, Bergen)

PRAKSISSTUDENTAR:

I 2022 hadde vi, som i åra under pandemi færre studentar enn normalt, med totalt 16 studentar i praksis fordelt på faggruppene; fysioterapi, ergoterapi, sjukepleie og idrett, samt at vi hadde to studentar innan bachelorstudiet *Folkehelsearbeid med vekt på kosthald og fysisk aktivitet*. *Praksisperioden varierer mellom 1 til 11 veker, avhengig av studie*. Alle studentane kom frå Høgskulen på Vestlandet (Førde, Sogndal og Bergen).

NETTVERKSARBEID

I 2022 HAR VI DELTATT AKTIVT I:

- Nasjonal kjernenettverk for Arbeidsretta rehabilitering
- Kjernegruppa for helsesportssentre
- Nasjonalt nettverk for ute-rehabilitering
- Arbeidsgruppa for møteplass innan rehabilitering i Sogn og fjordane
- FoU-nettverk Virke Rema

I TILLEGG HAR VI DELTATT I:

- Nettverk for ressursjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling
- Nasjonalt klinisk nettverk ReMeDy (Forskingssenter for behandling innanfor traumatologi og muskelskjelettsjukdommar)
- Referansegruppe for regional kompetansesenter for habilitering og rehabilitering
- Referansegruppe for nasjonal kompetanseteneste for arbeidsretta rehabilitering
- Programkomité for regional forskingskonferanse
- PROMIS Health Organization
- Referansegruppe: Fagråd for studie: Rehabilitering, kvardagsmeistring og velferdsteknologi ved Fagskulen Vestland, avd. Helse

KOMPETANSEUTVIKLING

Senteret har som mål å levere samfunnsnyttige, kunnskapsbaserte rehabiliteringstenester av høg fagleg standard og vere ein organisasjon der ein har fokus på læring og kontinuerleg forbedring, både på individ og systemnivå. Det vert utarbeidd toårige kompetanseplanar som gjer retning for våre prioriteringar. Vi deltek i ulike fagnettverk og vi har stort fokus på at tilsette opprettheld kompetanse og får vidareutvikle seg innan våre satsingsområde.

Satsingsområde for 2022-2023 er:

- Helsesportsaktiviteter
- Fjord, fjære og sjø aktivitetar

- Aktivitetshjelpemiddel
- Klatring
- Kognitiv terapi
- Barn og unge
- Kompetanseheving innan fagområda:
- Nevrologi
- Arbeidsretta behandling (ARR)
- Vestibulær sjukdom

I 2022 har tilsette delteke på 34 ulike kurs/konferansar/webminar som har vart i frå to timer til heile veker. Det har og vore gjennomført eit internt opplæringskurs på senteret med fem tilsette.

DRIFTSAVTALAR

Avtala med Helse Vest RHF er forlenga 2023. Vi har to avtalar som omfattar tilbod om spesialisert rehabilitering og tilbod om arbeidsretta behandling. Totalt omfattar desse avtalene 25 397 døgn og 1650 dagar.

Spesialisert rehabilitering

Avtala om spesialisert rehabilitering omfattar totalt 21 212 døgn og 250 dagar. Innanfor denne volumramma skal følgjande pasientgrupper prioriterast:

- Svulstar
- Endokrine sjukdommar, ernæringssjukdommar og endokrine forstyrringa
- Sjukdommar i nervesystemet
- Sjukdommar i øyre og øyrebeinskute (tinnitus, menieres og vestibulære sjukdommar)

- Sjukdommar i muskel- og skjelettsystem og bindevev – kroniske muskel og blautdelsmerter
- Sjukdomar i sirkulasjonssystemet, – hjerneslag
- Skader, – hjerneskaradar
- Osteogenesis Imperfecta
- Multiple Osteokondromer/Olliers sjukdom

Avtala er knytt til rehabilitering av vaksne over 18 år, men vi har i tillegg fått godkjenning til å etablere tilbod til barn. I 2022 hadde vi to gruppeopphald for barn i aldersgruppa 6 til 16 år.


Arbeidsretta behandling

Avtala omfattar totalt 4185 døgn og 1400 dagar, dvs. 13 døgnplassar og 4 dagplassar.


DIAGNOSEFORDELING

Vi hadde totalt 1182 pasientar inne til behandling i 2022. Flest pasientar var inne til behandling på grunn av lidningar i muskel-skjelett systemet (37,1 %).

Flest pasientar som har fått behandling er søkt inn under gruppa muskel/skjelett og bindevevssjukdommar. Også av dei pasientane som har fått eit ARR- tilbod, er det flest pasientar med diagnose innan muskel/skjelett og bindevevssjukdommar.



SUBJEKTIV VURDERING AV ENDRING





Patients' Global Impression of Change scale (PGIC), måler pasienten sitt overordna inntrykk av endring av eiga helse.

78 % oppgjer at dei har blitt betre i løpet av opphaldet.

- Veldig mykje betre
- Mykje betre
- Minimalt betre
- Uforandra
- Minimalt verre
- Mykje verre
- Veldig mykje verre


PASIENTSAMANSETTING

I 2022 hadde 98 % av pasientane bustad i Helse Vest sitt område, av dette var 85 % frå Vestland og 13 % frå Rogaland. Totalt har det vore pasientar frå 78 ulike kommunar til rehabilitering på senteret i 2022. Flest pasientar kom frå Bergen kommune (328 pasientar), deretter Øygarden kommune (70).




LIVSKVALITET

Det er eit mål for oss at eit rehabiliteringsopphald skal føre til auka livskvalitet for pasientane. For å kartlegge dette, nyttar vi skjemaet EQ-5D-5L. Pasientane vert bedt om å vurdere eiga helse på ein skala frå 0 til 100, der 100 er best helse. Pasientane scorar i snitt 50 ved ankomst og 57 ved avreise, noko som utgjer ei forbetring av sjølvopplevd helse under opphaldet.



I same skjema vert ein og bedt om å vurdere eigne utfordringar i høve gange, personleg stell, vanlege gjeremål, smerte/ubehag og angst/depresjon på ein skala frå 1 (ingen problem) til 5 (ute av stand til å gå/vaske eller kle

seg/utføre vanlege gjeremål, har svært sterke smerter, er ekstremt engstelege eller deprimert). Resultat viser at det er forbetring i alle dimensjoner, bortsett frå i kategorien «Personleg stell» som er uendra.




ENDRING I PSYKISK HELSE

For å kartleggje angst og depresjon, nyttar vi skjemaet HADS.

Angst: Ved ankomst scorar 53 % av pasientane innanfor normalverdiar og 5 % innan alvorleg angst. Resultat ved avreise viser forbetring: andelen innanfor normalverdiar er auka til 65 %, mens andelen innan alvorleg angst er redusert til 3 %.


Depresjon: Ved ankomst scorar 69 % av pasientane innanfor normalverdiar og 2 % innan alvorleg depresjon. Også her viser resultat ved avreise forbetring: andelen innanfor normalverdiar er auka til 77 % mens andelen innan alvorleg angst er redusert til 1 %.




RESULTAT AV BRUKARUNDERSØKING VED RØDE KORS HAUGLAND REHABILITERINGSSENTER 2022

Svarprosent: 51,8 % (612 av 1182 pasientar i 2022)


1. Opphaldet




2. Behandlarane




3. Organisering




4. Omgjevnader og miljø ved institusjonen




5. Var fylgjande tilfredsstillande på institusjonen?



6. Generelle vurderingar



7. Utbyte av rehabiliteringsopphaldet



ÅRSMELDING FOR 2022

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS

1. Art og lokalisering

Selskapet er eit ideelt aksjeselskap som har som formål å tilby habilitering og rehabilitering for personar som har eller står i fare for å få begrensing i sin fysiske, psykiske eller sosiale funksjonsevne. 1182 personar fekk rehabilitering ved institusjonen i 2022.

Tilboda som vert gitt er kunnskapsbaserte og selskapet har etablert eiga forskings- og utviklingsavdeling. Forskings og utviklingsaktiviteten i 2022 har vore knytt til VR - trening som behandling innan arbeidsretta rehabilitering og digital kommunikasjon som del av eit behandlingsopplegg, samt ulike kvalitetsutviklingsprosjekt innan kartlegging og testmetodikk. Selskapet er lokalisert på Haugland i Fjaler Kommune.

2. Resultat og stilling

Rekneskapen for 2022 er negativt med kr. 606 401,-. Bokført egenkapital er redusert frå kr. 42 561 898,- til kr. 41 995 496,-. Likviditet og egenkapitalen er god.

3. Framtidig utvikling

Sentralt i driftsgrunnlaget er avtale med Helse Vest RHF om levering av spesialiserte rehabiliteringstenester og tilbod innan arbeidsretta rehabilitering. Avtale vart i 2021 forlenga ut 2022 og ny konkurranse vart lyst ut våren 2022. Anbudskonkurransen vart avsluttet i desember og eksisterande avtale forlenga ut 2023. Grunngevinga for avlysinga var at prisnivået på tenestene hadde hatt ei uventa auke. Dette kombinert med eit stramt budsjett for helseføretaket, gjorde til at Helse Vest RHF såg seg nøytt til å gå gjennom konkurransegrunnlaget på nytt. Nytt anbud vart lyst ut i mars med innleveringsfrist 04.mai 2023.

For å kunne ha forsvarleg drift framover, er selskapet avhengig av å vinne fram i komande anbudskonkurranse om ny avtale frå 2024. Selskapet har ein god posisjon i regionen og er optimistiske med tanke på å kunne få ny avtale. Ein har vidareutvikla nye tilbod for å kunne vere betre rusta til å få ein avtale med eit omfang som gjer moglegheit for vidare utvikling.

Selskapet fekk ikkje medhald i Gulating lagmannsrett gjeldande spørsmålet om skatteposisjon. Saka blei for- søkt fremma for Høgsterett, men slapp ikkje inn.

4. Framleis drift

Styret meiner at selskapet er i god posisjon til å vinne framtidig anbudskonkurranse og at føresetnaden for framleis drift er til stades. Dette er lagt til grunn ved avlegging av årsrekneskapen.

5. Finansiell risiko

Selskapet er i liten grad eksponert for finansiell risiko. Marknadsrisiko er beskjedne så lenge ein har driftsavtale med helseføretaket i regionen. Det same gjeld kredittrisiko og likviditetsrisiko. Det er liten risiko for vesentlege tap på krav og selskapet har solid likviditet.

6. Arbeidsmiljø

Totalt sjukefråvær i 2022 var på 6,9 %. Det er vår oppfatning at arbeidsmiljøet og den generelle trivsel på arbeidsplassen er god.

7. Likestilling og diskriminering

Selskapet har i rekneskapsåret sysselsett 76 årsverk. Gjennomsnittleg tal tilsette var 98, av dette var 25 menn og 73 kvinner. Selskapet sitt styre har 7 medlemmar, to menn og fem kvinner.

Selskapet praktiserer likestilling mellom kjønna og diskrimineringslova sine formål er oppfylte i det daglege. Dette er det gjort greie for i dokumentet «Aktivitetsplikt og redegjæringsplikten», som er tilgjengeleg på senteret si heimeside;

<https://www.rkhr.no/om-oss/vare-verdiar/>

8. Aktsamheit-vurdering

Selskapet har gjennomført risikovurdering for kartlegging av potensielle og faktiske negative konsekvensar for menneskerettar og prioritert tiltak som kan redusere risiko. Rapporten er tilgjengeleg på senteret si heimeside: <https://www.rkhr.no/om-oss/vareverdiar/>

9. Ansvarsforsikring

Styret har teikna ansvarsforsikring for styret og leiging.

10. Ytre miljø

Selskapet påverkar i liten grad det ytre miljø negativt. I 2022 vart det starta opp eit arbeid for å bli sertifisert som miljøfyrtårn. Dette forventast å vere på plass i løpet av 2023.

Resultat

DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	NOTER	2022	2021
Driftsinntekter		82 236 379	81 976 972
Annen driftsinntekt		1 274 021	1 145 833
Leieinntekt		309 356	298 867
Sum driftsinntekter		83 819 756	83 421 672
Varekostnad		3 428 015	3 047 344
Lønnskostnad	1	55 092 361	48 745 533
Ordinær avskrivning	2	1 545 305	1 414 100
Annen driftskostnad	1	24 549 586	23 408 760
Sum driftskostnader	5	84 615 267	76 615 738
Driftsresultat		-795 511	6 805 934
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Renteinntekt fra foretak i samme konsern		326 994	99 540
Annen renteinntekt		316 781	79 220
Annen finansinntekt		14 605	175 991
Annen rentekostnad		-773	0
Annen finanskostnad		-540 409	0
Netto finansresultat		117 198	354 751
Resultat før skattekostnad		-678 313	7 160 685
Skattekostnad	8	71 912	-1 619 791
ÅRSRESULTAT	4	-606 401	5 540 894
OVERFØRINGER			
Overført til/-fra annen egenkapital	4	-606 401	5 540 894
Sum overføringer		-606 401	5 540 894

Balanse

EIENDELER	NOTER	2022	2021
Anleggsmidler			
Immaterielle eiendeler			
Utsatt skattefordel	8	1 633 114	1 599 920
Sum immaterielle eiendeler		1 633 114	1 599 920
Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom		483 346	625 446
Maskiner og anlegg		1 300	76 800
Transportmidler		474 844	656 644
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner o.l.	2	3 263 007	3 038 583
Sum varige driftsmidler	2	4 222 497	4 397 473
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler		897 797	834 205
Sum finansielle anleggsmidler		897 797	834 205
Sum anleggsmidler		6 753 408	6 831 598
Omløpsmidler			
Varer		239 394	215 242
Fordringer			
Kundefordringer		50 531	2 708 459
Andre kortsiktige fordringer	6	3 671 427	471 691
Fordring på selskap i samme konsern	6	14 385 907	16 321 632
Sum fordringer		18 107 864	19 501 782
Andre markedsbaserte finansielle instrumenter	10	9 650 187	10 175 991
Sum investeringer		9 650 187	10 175 991
Bankinnskudd, kontanter o.l.	7	26 817 574	25 375 652
Sum omløpsmidler		54 815 020	55 268 667
SUM EIENDELER		61 568 428	62 100 265

Balanse

EGENKAPITAL OG GJELD	NOTER	2022	2021
Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
Aksjekapital	3, 4	2 558 312	2 558 312
Sum innskutt egenkapital		2 558 312	2 558 312
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital	4	39 397 184	40 003 586
Sum opptjent egenkapital		39 397 184	40 003 586
Sum egenkapital		41 955 496	42 561 898
Gjeld			
Avsetning for forpliktelser			
Pensjonsforpliktelser	9	7 000 182	7 562 048
Sum avsetninger for forpliktelser		7000 182	7 562 048
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	6	2 088 704	2 138 083
Betalbar skatt	8	0	1 392 955
Skyldige offentlige avgifter		3 739 853	3 256 112
Annen kortsiktig gjeld	6	6 784 193	5 189 171
Sum kortsiktig gjeld		12 612 750	11 976 320
Sum gjeld		19 612 932	19 538 368
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		61 568 428	62 100 265

Indirekte kontantstrøm

	2022	2021
Kontantstrømmer fra operasjonelle aktiviteter		
Resultat før skattekostnad	-678 313	7 160 685
Periodens betalte skatt	1 354 237	2 190 602
Ordinære avskrivninger	1 545 305	1 414 100
Pensjonskostnad uten kontanteffekt	-561 866	-1 111 467
Endring i varelager	-24 152	117 188
Endring i kundefordringer	2 657 928	-2 683 032
Endring i leverandørgjeld	-49 378	493 520
Poster klassifisert som invest.- eller finans.aktiviteter	540 409	-175 990
Endring i andre tidsavgrensningsposter	814 753	28 773 328
Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter	2 890 448	31 797 729
Kontantstrømmer fra investeringsaktiviteter		
Utbetalinger ved kjøp av varige driftsmidler	1 370 329	561 841
Utbetalinger ved kjøp av aksjer og andeler i andre foretak	63 592	56 119
Utbetalinger ved kjøp av andre investeringer	14 605	10 000 000
Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter	-1 448 526	-10 617 960
Kontantstrømmer fra finansieringsaktiviteter		
Netto endring i kontanter og kontantekvivalenter	1 441 923	21 179 769
Beh. av kont. og kontantekvivalenter ved per. begynnelse	25 375 652	4 195 883
Beh. av kont. og kontantekvivalenter ved per. slutt	26 817 574	25 375 652

Noter

Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk for i Norge.

Hovedregel for vurdering og klassifisering av inntekter og utgifter

Regnskapet bygger på de lovbestemte grunnleggende regnskapsprinsipper og god regnskapsskikk. Inntekt resultatføres når den er opptjent, normalt på leveringstidspunktet ved salg av varer og tjenester.

Utgifter sammenstilles med og kostnadsføres samtidig med de inntekter utgiftene kan henføres til. Utgifter som ikke kan henføres direkte til inntekter kostnadsføres når de påløper.

Hovedregel for vurdering og klassifisering av eiendeler og gjeld

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert

som anleggsmidler. Andre eiendeler er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer som skal tilbakebetales innen et år er klassifisert som omløpsmidler. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterier lagt til grunn.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt mottatt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost, men nedskrives til gjenvinnbart beløp dersom dette er lavere enn bokført verdi, og verdifallet forventes ikke å være forbigående. Anleggsmidler med begrenset økonomisk levetid avskrives planmessig. Langsiktig gjeld balanseføres til nominelt mottatt beløp på etableringstidspunktet.

NOTE 1 Lønnskostnader og ytelser, godtgjørelser til daglig leder, styret og revisor

Lønnskostnader	2022	2021
Lønn	47 257 722	42 185 300
Arbeidsgiveravgift	5 245 445	4 691 779
Pensjonskostnader	5 563 894	5 168 939
Endring i pensjonsforpliktelsene	-561 866	-1 111 467
Andre ytelser	-2 412 834	-2 189 018
Sum	55 092 361	48 745 533

Antall årsverk sysselsatt i regnskapsåret	79	75
---	----	----

Foretaket er pliktig til å ha tjenstepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenstepensjon. Foretakets pensjonsordninger tilfredsstiller lovens krav.

Ytelser til ledende personer	Styret	Daglig leder
Lønn og andre godtgjørelser	255 421	1 109 147
Annen godtgjørelse	0	4 392
Sum	255 421	1 113 539

Ytelser til revisor	2022	2021
Lovpålagt revisjon	158 366	105 000
Andre tjenester	23 990	28 125
Sum	182 356	133 125

Beløpene er oppgitt inklusiv merverdiavgift

Noter

NOTE 2 Varige driftsmidler

	Bygg	Inventar, utstyr, maskiner	Sum
Anskaffelseskost pr. 01.01.22	2 217 238	14 415 955	16 633 193
Tilgang kjøpte driftsmidler		1 370 329	1 370 329
Anskaffelseskost 31.12.22	2 217 238	15 786 284	18 003 522
Akkumulerte avskrivninger 31.12.22	1 740 480	12 040 544	13 781 024
Av- og nedskrivninger pr. 31.12.22	1 740 480	12 040 544	13 781 024
Bokført verdi 31.12.22	476 758	3 745 741	4 222 498
Årets ordinære avskrivninger	131 500	1 413 805	1 545 305
Økonomisk levetid	10 år	3-10 år	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	

NOTE 3 Aksjonærer

Aksjekapitalen består av:

	A-aksjer	B-aksjer	Antall	Eierandel	Stemmeandel
Sogn og F. R. Kors Eigedom AS	2 500 000	58 312	2 558 312	100,00	100,00
Totalt antall aksjer	2 500 000	58 312	2 558 312	100,00	100,00

B-aksjene har ikke stemmerett. Forøvrig gir hver aksje samme rettigheter i selskapet.

NOTE 4 Egenkapital

	Aksjekapital	Annen egenkapital	Sum egenkapital
Egenkapital pr. 01.01	2 558 312	40 003 586	42 561 898
Årets resultat		-606 401	-606 401
Egenkapital pr 31.12	2 558 312	39 397 184	41 955 496

NOTE 5 Leieavtaler

Selskapet leier bygninger og anlegg av morselskapet Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS. Leie til Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS er kostnadsført med kr 8 394 720.

NOTE 6 Mellomværende med selskap i samme konsern mv.

	Annen kortsiktig gjeld		Andre fordringer	
	2022	2021	2022	2021
Konsernkontoordning	0	0	14 225 336	15 896 887
Konsernkontoordning renter	0		160 571	424 745
Skyldig husleie til Røde Kors Eigedom AS	0	829 885	0	0
Sum	0	829 885	14 385 907	16 321 632

Selskapet er deltaker i konsernkontoordning med morselskap Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS. Fordringen er i sin helhet som følge av konsernkontoordning.

Noter

NOTE 7 Bankinnskudd

Innestående midler på skattetrekkskonto (bundne midler) er på kr. 1 848 441.

NOTE 8 Skatt

Årets skattekostnad	2022	2021
Betalbar skatt	0	1 392 955
Ikke utlignet skatt 2021	-38 718	0
Endring i utsatt skattefordel	-33 194	226 836
Skattekostnad ordinært resultat	-71 912	1 619 791
Spesifikasjon av skattepliktig inntekt	2022	2021
Resultat før skatt	-678 313	7 160 685
Permanente forskjeller	527 434	26 009
Endring i midlertidige forskjeller	-227 088	-1 031 072
Skattepliktig inntekt	-377 967	6 155 622
Skattesats	22 %	22 %
Sum betalbar skatt i balansen	0	1 392 955
Midlertidige forskjeller	2022	2021
Varige driftsmidler	-909 642	-598 054
Varebeholdning	0	86 782
Fordringer	864 547	800 955
Pensjonspremie/- forpliktelse	-7 000 182	-7 562 048
Sum	-7 045 277	-7 272 365
Akkumulert fremførbart underskudd	-377 967	0
Grunnlag for beregning av utsett skatt	-7 423 244	-7 272 365
Utsatt skattefordel (22 %)	1 633 114	1 599 920

Noter

NOTE 9 Pensjonskostnader, -midler og -forpliktelser

Selskapets pensjonsordninger tilfredsstiller kravene i lov om obligatorisk tjenestepensjon. Selskapet har en ytelsesbasert pensjonsordning for sine ansatte. Ytelsesbasert ordninger gir rett til definerte fremtidige ytelser. Disse er i hovedsak avhengig av antall opptjeningsår, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og størrelsen på ytelsene i folketrygden. Forpliktelsen er fondert gjennom et forsikringsselskap. Pensjonsordningen medfører en regnskapsmessig forpliktelse som er balanseført i regnskapet. Den balanseførte forpliktelsen inkluderer også avtalefesta pensjon (AFP).

	2022	2021
Nåverdi av årets pensjonsopptjening	7 065 661	6 100 899
Rentekostnad av pensjonsforpliktelsen	1 245 894	956 325
Avkastning på pensjonsmidler/aktuariel gevinst	-2 280 121	-1 443 401
Resultatført estimeringstap/ (gevinst)	-141 089	0
Resultatført andel av planendringseffekt	0	0
Avsetning for forventet underdekning i gammel AFP-ordning	0	0
Periodisert arbeidsgiveravgift	662 001	618 708
Administrasjonskostnad	213 859	223 045
Årets netto pensjonskostnad	6 766 205	6 455 576
Antall personer omfattet av ordninger	2022	2021
Aktive	75	77
Pensjonister	25	23
Totalt	100	100

Økonomiske forutsetninger (ytelsesbaserte ordninger)	2022	2021
Diskonteringsrente	3,00 %	1,90 %
Forventet lønnsregulering	3,50 %	2,75 %
Forventet pensjonsøkning	2,63 %	1,73 %
Forventet regulering av folketrygdens grunnbeløp (G)	3,25 %	2,50 %
Forventet avkastning på fondsmidler	5,20 %	3,70 %
	2022	2021
Påløpte pensjonsforpliktelser	58 768 783	59 146 913
Pensjonsmidler (til markedsverdi)	-64 986 555	-59 058 028
Periodisert arbeidsgiveravgift	-659 084	9 411
Ikke resultatført virkning av estimatavvik	13 877 038	7 463 852
Netto pensjonsforpliktelse	7 000 182	7 562 148

NOTE 10 Markedsbaserte verdipapirer

Omfatter kortsiktige plasseringer av overskuddslikviditet i pengemarknadsfond. Verdipapirene er bokført til markedsverdi pr 31.12.

Inger Johanne Bergstad Osland

cace06e3-b9b3-481d-89e3-e0beb706ea0b - 2023-04-20 15:40:59 UTC +03:00
BankID - 721cb1e2-9e17-4bf1-a215-2d60e78ae899 - NO

Karine Hatlem Rønneseth

e0e254ac-ae9f-4776-9a24-188fc7ec82c7 - 2023-04-24 12:29:51 UTC +03:00
BankID - 2146b298-979f-4f7a-a0d4-0009cad0ae25 - NO

Katrine Gjermundnes Hjertholm

86d36294-0834-4947-a8ea-b902093aee82 - 2023-04-20 15:52:44 UTC +03:00
BankID - 18c225e1-448c-4b63-93ff-42d0c7366feb - NO

May Aasebø Hauken

a9c78ae8-5322-49ac-830e-debdca43e251 - 2023-04-20 15:58:07 UTC +03:00
BankID - 03f1f0e9-5fb7-4856-87ac-f1af21020ef3 - NO

Bjørn Lied Tønnesen

3cd84fbc-3667-4ace-b03a-b655d29012eb - 2023-04-20 22:35:48 UTC +03:00
BankID - 69a5e2cc-374f-45e3-b287-59ec34a7adfb - NO

Børre Jacobsen

b8d29217-2e9e-4dfb-b02e-23112d6cee84 - 2023-04-21 10:25:30 UTC +03:00
BankID - 63b98016-bc2b-45d8-b739-2c0f7f549d8f - NO

Elsbeth Sande Tronstad

6d106fcf-b7e0-4cfc-8ea7-b17f795d16d4 - 2023-04-21 11:21:47 UTC +03:00
BankID - 2d0f7803-6c84-4304-a6f4-505573e88731 - NO

Aud Alice Viken

3e94572d-f217-47aa-b5fc-93a05a4aceb2 - 2023-04-24 10:48:26 UTC +03:00
BankID - 57c5e4a1-6935-4cdd-91d6-f9660c40b1c8 - NO

authority to sign	asemavaltuus	ställningsfullmakt	autoritet til å signere	myndighed til at underskrive
representative	nimenkirjoitusoikeus	firmateckningsrätt	representant	repræsentant
custodial	huoltaja/edunvalvoja	förvaltare	foresatte/verge	frihedsberøvende



Deloitte AS

Fjellvegen 9

NO-6800 Førde

Norway

Tel: +47 57 72 13 80

www.deloitte.no

Til generalforsamlinga i Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Konklusjon
Vi har revidert Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS sin årsrekneskap som er samansett av balanse per 31. desember 2022, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettviseande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2022, og av resultata og kontantstraumane for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen
Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Ytterlegare informasjon
Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen
Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettviseande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgaver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, aleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av framleis drift-føresetnaden ved fastsetting av årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betyding om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje held fram med drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvissande bilete.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Førde, 18. april 2023
Deloitte AS

Rune Norstrand Olsen
statsautorisert revisor

*Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.*

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Rune Norstrand Olsen

Statsautorisert revisor

På vegne av: Deloitte AS

Serienummer: 9578-5998-4-1061403

IP: 178.249.xxx.xxx

2023-04-26 20:15:50 UTC



Penneo Dokumentnøkkel: 4M5CI-IKWKQ-BV07F-WO0NT-4K1JB-BFUEL

FE00080 DOKUMENITUMKKELI: 47M5CJF-JN WWAQ-DVU / F-WOUN I-4KNDJ-BF UZZ

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>



Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS
6968 Flekke • Tlf. 57 73 71 00 • www.rkhr.no